

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/1549-1

Utbetring fv. 614 Eikelandstunnelen - fråvik avstand mellom avkøyrslø og tunnel

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gjeve fråvik frå krav til avstand mellom avkøyrslø og tunnel ved fv. 614 Eikelandstunnelen.
2. Det er ein føresetnad for fråvik at det vert etablert bom, og at bommen vert plassert så langt inn i avkøyrslø at ein unngår stopp i hovudveg når avkøyrslø skal nyttast.

Vedlegg:

Ingen

Andre relevante dokument i saka:

[Handbok N100 Veg- og gateutforming](#)

[Handbok N500 Vegtunneler](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I budsjettet for 2018 (ordinært tunnelvedlikehald, Tunneltiltak utanom tunnelsikkerheitsforskrifta) er det sett av 10 mill. kr til opprusting av Eikelandstunnelen på fv. 614. Tunnelen er 100 m lang og vart opna i 1959.



SVV prioriterer utbetring av fv.614 Eikelandstunnelen sjølv om Svelgen-Indrehus ligg inne på investeringsprogrammet i Regional transportplan for 2018-21. Det er naudsynt å gjere utbetring av denne flaskehalsen spesielt med omsyn til å auke høgda i tunnelen. Denne vegstrekninga vil uansett bli nytta som lokal veg etter at Svelgen - Indrehus er fullført, og det vil også i framtida gå bussar, lastebilar og andre høge køyretøy gjennom tunnelen. Om vegen i framtida vil bli omklassifisert til kommunal veg, er uavklara.

Utbetring av Eikelandsvegen gir 2500 m³ overskotsmasse. Statens vegvesen har fått avtale med grunneigar om å deponere stein i skogsvegområde. For å få dette til må det lagast ei sikker avkøyrslø som erstattar dagens trafikkfarlege avkøyrslø.

Dagens avkøyrslø har ikkje sikt mot vest og kan ikkje nyttast. Den ligg ca. 30 m frå bakketopp, bak ein skrent. Ny avkøyrslø vil vere i samsvar med krav til sikt i avkøyrslø i begge retningar.

Kravet det vert søkt om fråvik frå er krav til avstand til tunnel. Kravet er 2 x stoppsikt. Avkøyrslø ligg nærare tunnelen enn dette.

Dette er eit såkalla «skal-krav» og i følgje Delegerings- og innstillingsreglementet skal saka då til fylkesutvalet for endeleg avgjerd.

2. Vurderingar og konsekvensar

Konsekvensar for teknisk kvalitet:

Tunnelen er 100 meter lang og heilt rett. Ein ser gjennom heile tunnelen og ca. 70 meter ut på andre sida. Utforminga av ny avkøyrslø vil vera heilt etter krav til utforming, sikt og stigning.

Konsekvensar for sikkerheit (for trafikantane):

Sikta i ny avkøyrslø blir meir enn 100 meter i kvar retning. Tunnelen som ligg 120 meter frå avkøyrslø har sikt rett gjennom så sikta gjennom tunnelen er god.

Dagens skogsvegavkøyring ligg lenger vekk frå tunnelen, men har ingen sikt mot bakketopp. Ny avkøyrslø vil gi betre tryggleik. Dagens avkøyrslø av farleg og vil bli sanert.

Konsekvens for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:

Ingen konsekvens er avdekka.

Konsekvens for estetikk:

Ingen konsekvens er avdekka.

Konsekvens for økonomi:

Vi har sjekka med kommunen og andre aktørar, men vi har ikkje lukkast med å finne anna deponi i nærleiken. Det vil bli kostnadsdrivande for prosjektet om steinmassane må køyrast til andre deponi. Det er vanskeleg å anslå kor mykje meirkostnader dette vil medføre, men det kan fort bli 0,5 til 1 mill.kr.

Konsekvensar for framkomst:

Ingen konsekvens er avdekka.

Andre konsekvensar:

Avkøyrslø vil erstatta ein eksisterande skogsvegavkøyrslø som ikkje har sikt i retning vest.

Avbøtande tiltak:

Avkøyrslø vil bli stengt med bom, og bommen skal vere så langt inn i avkøyrslø at ein unngår stopp i hovudveg når den skal nyttast.

Fråviksgruppe tilrår fråviket, men føreset at bom vert plassert så langt inn i avkøyrslø at ein unngår stopp i hovudveg når den skal nyttast.

3. Konklusjon

Statens vegvesen tilrår fråvik frå avstand mellom avkøyrslø og tunnel ved fv. 614 Eikelands-tunnelen. Dette på bakgrunn av at ny avkøyrslø gir betre tryggleik enn den gamle, og fordi å nytte eit anna deponi vil påføre prosjektet vesentlege meirkostnader.

Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen om å gje fråvik. Eg gjer for ordens skuld merksam på at saka vert fremja direkte overfor FU, jf. møteplanen for HS/FU.